

Innkalling til programstyremøte i spansk språk og latinamerikastudium

22. januar klokka 12:15 på rom 305

Sakliste:

1. Namnet vårt og identiteten vår: Spansk språk og latinamerikastudium

Skal det halda fram med å vera slik? Skal me kutta ut ordet «språk»? Skal endinga på «latinamerikastudium» endrast til –er?

2. Dimensjonering av examen facultatum ved Det humanistiske fakultet

Det pågår no ein diskusjon om førstesemesterstudiet ved HF i forlenginga av diskusjonen som byrja då Jan Oldervoll foreslo ei omlegging av heile bachelorgraden ved HF for nokre år tilbake. Eit dokument er sendt ut til høyring, og IF har bede om innspel frå fagmiljøa til sitt innspel til høyringa. Det viktigaste for oss er om me er positive til eit innføringskurs i spansk språk og latinamerikastudium som skal haldast i studentane sitt første semester, altså haustsemesteret.

3. Språkpakke for Høgskulane på Vestlandet

Dei fire høgskulane på Vestlandet (Bergen, Volda, Sogndal og Stord/Haugesund) har bede om eit samarbeid med IF der deira lærarstudentar kan ta språk som valfag hjå oss i sitt siste år i utdanninga. Per i dag, er det ikkje mogeleg for lærarstudentar som skal undervisa i språk å ta dett som fag ved sine høgskular. Det er særleg etterspurnad etter spansk, men også fransk og tysk er aktuelt. Me er difor bedne om å setja saman ein språkpakke, der studentane får status som hospitantar hjå oss, og tek 25 studiepoeng språk og 5 studiepoeng didaktikk/ praksis per semester. Studiepoenga i språk kan evt. vera ein kombinasjon mellom campus- og nettspanskurs.

Følgjande opplegg for desse studentane vert foreslått under føresetnad av at ressursbruken vert skikkeleg avklart og utgreidd, og at ein er sikker på at det finst midlar til gjennomføringa:

HAUST	STP	VÅR	STP
SLAN611, Spansk språk og omsetjing - fjernundervisning, men med ekstra grupper på campus - skuleeksamen	15	SPLA103, Latinamerikansk kulturkunnskap - ordinært kurs - heimeksamen + munnleg	15
SPLA106, Spanias historie - eit kurs som allereie eksisterer i den integrerte lærarutdanninga, men som nesten aldri har hatt studentar - skuleeksamen	5	SLAN614H, Latinamerikansk litteratur - forkorta versjon, 10 i staden for 15 studiepoeng - studentane føl deler av den ordinære undervisninga, men med spesialeksamen - fjernundervisning, men med ekstra grupper på campus - mappevurdering	10
SPLA001H, introduksjonskurs - nytt kurs som må opprettast saman med det ordinære 10-studiepoengs innføringskurset som er foreslått oppretta - studentane vil følgja deler av undervisninga på det ordinære kurset - munleg eksamen	5	SPANDI201H, Fagdidaktikk for lærarstudentar (inkl. 10 dagar praksis) - tilpassa versjon av SPANDI201 - mappevurdering	5
SPANDI101H, Fagdidaktikk for lærarstudentar (inkl. 5 dagar praksis) - Tilpassa versjon av SPANDI101 - Heimeeksamen på norsk/spansk	5		

4. Studieplanendringar

Følgjande nye framlegg til studieplanar skal drøftast:

- Innføringsemne 5 og 10 stp. –SPLA001H og SPLA001
- SPLA106
- SPLA104
- SPANDI101, 101H og 201H
- SLAN614H
- Masteremne: SPLA301, SPLA313, SPLA302, SPLA312, SPLA303, SPLA313
- Studieplan for masterstudiet i spansk språk og latinamerikastudium
- [emnekode?] Portugisisk språk og Brasilkunnskap

Framlegga vert sende ut i eigen e-post eit par dagar før møtet.

5. Emneevaluering

Faget må laga ein treårig plan for evaluering av emna 2014-2016. Under føresetnad av at det nye masteropplegget vert godkjent, er følgjande forslag utarbeidd:

Treårig plan for evaluering av emne Spansk språk og latinamerikastudium (2014-2016)

	V14	H14	V15	H15	V16	H16
SPLA 001		X				X
SPLA 001H		X				X
SPLA 101	X				X	
SPLA 102		X				X
SPLA 103	X				X	
SPLA 104		X				X
SPLA 105		X				X
SPLA 201/251			X			
SPLA 202/252			X			
SPLA 203/253			X			
SPLA 301			X			
SPLA 302			X			
SPLA 303			X			
SPLA 311		X				X
SPLA 312		X				X
SPLA 313		X				X
DIDASPA1		X				X
DIDASPA2			X			
SPANDI 101				X		
SPANDI 101H				X		
SPANDI 201H	X				X	
SLAN 600	X	X	X	X	X	X
SLAN 611		X		X		X
SLAN 612	X		X		X	
SLAN 613		X		X		X
SLAN 614	X		X		X	
SLAN 626			X		X	
SLAN 640	X		X		X	
SLAN 641				X		
SLAN 642		X				X

6. Ymse